

ASLAK BRIMI / MARI MIDTLI

BERGTATT

t: TA:LIK TA199

ASLAK BRIMI  
MARI MIDTLI

SINFONIETTA INNLANDET

BERGTATT





Foto: Johannes Selvaag

## Det har vore eit artig univers å dukke inni; *Bri-dtli-universet!*

Mari var den eg jobba med først; ho skulle ha eit par arrangement til ein konsert med TrondheimSolistene på Rudi gard i 2015. Ho sendte meg ei lydfil der ho song inn på telefonen. Som den naturlege folkesongaren ho er song ho mellom to toneartar: mellom d og diss! Eg fekk prøvd meg.

Fyrste gong vi møttest var da Mari song på ein sponsorkonsert i Trondheim i 2016. Da hadde vi jobba med enno ein ny song; *Truls mæ bågân*. Da såg eg storleiken i den roa og tryggleiken Mari har der ho står framom ein fullsatt Olavshall og fortalte kva songane handla om og så framførde dei med bravur.

Så ringde Aslak. Han hadde ein ide om få til noko kring at bestefaren, Hans W. Brimi, ville vore 100 år i 2017. Han hadde ambisiøse planer om ein stor utekonsert på Brimi Sæter med orkester, spelmannslag, solistar og Mari. Det vart ein storstilt konsert, og det vart urframføring av suita Heimfjell der Aslak hadde laga nye slåttar og songar som eg arrangerte ut. I tillegg har vi med ein sats som heiter *Rønnaug*. Dette er fire sullar etter ei lokal kjelde i Lom. Her gjer eg mykje rare og artige rytmiske ting i dei korte delane. Og det humoristiske og sprelske har eg prøvd å halde på gjennom all arrangeringa. For meg som hadde arrangert mykje pop og det ein kallar «rytmisk musikk», var det ein stor fridom å få jobbe med folkemusikk. Det skal sjølv sagt høyrast ut som ein springleik når det er det, og ein masurka viss det er det. Men innanfor dette kan ein gjøre ganske mykje som ikkje er så lett å få til når ein har tracks og komp som skal inn og ut før og etter refreng.

Året etter hadde Aslak enno fleire idear. No skulle vi ned frå fjellet og Brimi Sæter, til det urbane; sentrum i Lom med nysatsing og ny utstilling på Norsk Fjellmuseum. Aslak hadde laga ei ny suite; *Bergtatt*. Ein skulle kanskje tru at den vart veldig lik den første, men nei. Aslak har musikalsk teft og oppfinnsomhet. Det høyres splitter nytt ut, men samtidig solid forankra i folkemusikktradisjonen. Og som sist, veldig artig å arrangere ut!

No har vi fått festa dette på plate saman med herlege Sinfonietta Innlandet. Eg vonar alle kan hygge seg med tonane frå *Bri-dtli-universet!*

Knut Anders Vestad  
Trondheim, oktober 2018

---

**Aslak Brimi** (1983) er frå Garmo i Lom, og har gått i spellære hjå faren, Rolv Brimi, og hjå storspelmannen Bjørn Odde. Aslak er ein aktiv vidareførar av slåttemusikken frå Lom, og særleg musikken etter bestefaren Hans W. Brimi (1917-1998). Aslak Brimi har motteke fleire prisar og stipend, mellom anna vart han kåra til *Årets folkemusikar* i 2016. Aslak har mange plateproduksjonar bak seg både som musikar og produsent. Han har gått til topps i A-klassen på Landskappleiken fire gonger, sist i 2018.

**Mari Midtli** (1997) er frå Sel og trass sin unge alder er ho av dei fremste på vokal folkesong i Gudbrandsdalen. Ho har vore med på Folkelarm, og har kvalifisert seg til A-klassen i både felespel og song. Ho vann den gjæve Fureprisen allereie i 2014, og deretter Tone-prisen i 2015. Ho har tidlegare vore solist med TrondheimSolistene, Sinfonietta Innlandet og KORK. Som lærarar har Camilla Granlien, Jarnfrid Kjøk og Berit Opheim vore dei viktigaste.

## ROSOR OG BLOMAR

Mari og Aslak

Trad. / Arr: Aslak Brimi

Denne vesle og rare visa har Mari lært av Jarnfrid Kjøk. Jarnfrid fortel at ho lærte visa av den rike kjelda Rønnaug Vangen (1898-1988) frå Lom. Rønnaug skal ha sagt at ho lærte visa i vaksen alder av venninna si, Kari Aukrust.

Rosor og blomar, sol i li,  
leikar ved sumarstid.  
Blomar i eng og gull på veng,  
jenta ho læt i stuten.  
Veks ei lind uppå mo,  
spring ei hind over sjo.  
Hol, eg syng, sa guten.  
Langt aust onde Blåbergsnuten  
der sit ei jomfru inne og gråter.  
Nå vil eg fårrå åt Jutulsæter  
og ikkje spårå den heite leiken lang.  
Å, visste du berre kå fuglein song.  
Tit-tit-tit-tit, det tusla i li,  
så langt burti skogje så seint ein kveld.  
Kom synde, kjøm sorgje,  
Gud hjølpe deg for din eigen hug.  
Men der som aldri sol går ned  
der leikar dei og kve,  
og der drøyndest eg.  
Late den harpa låte,  
late den harpa låte.  
Gud han rår, så vekse det lauv i år.

## BERGTATT

Våren 2018 opna Norsk Fjellsenter den nye hovudutstillinga *Bergtatt*. Denne tek utgangspunkt i fjellet og mennesket. Den byr på fjellpionrar og fonnefunn, friluftslivet frå Slingsby til selfiestang, fangst og ferdsel, myter og fjelleventyr. Til opninga av utstillinga fekk Aslak Brimi i oppdrag å lage ny musikk. Dette resulterte i ei suite i seks satsar med same namn som utstillinga. Tekstene i tre av satsene er dikt av Olav Aukrust (1883-1929). Suite er arrangert av Knut Anders Vestad, forutan Vårvise som er arrangert av Aslak Brimi.

### I. UTSYN - PROLOG

Aslak og kvintett frå Sinfonietta Innlandet

### II. RYPA

Mari og kvintett frå Sinfonietta Innlandet

Jakt og fiske har til alle tider vore viktig både som næringsgrunnlag og som rekreasjon for folk i Lom. I diktet *Langt, langt inni ville fjell* (Himmelvarden, Gyldendal 1916) skildrar Aukrust i kjent stil ei rypejakt.

Eg klistra tytingen der eg trødde,  
i kvite snøen han låg og blødde,  
ein liten nattgammalt nysnø  
såg'n i bygdi frå høgt i hø.  
Rein han låg  
over stein og såg  
seg sjølv liggjande likbleik  
langt, langt inn i ville fjell.

Eg drap ei rjupe, og skotet dunde,  
og fjelli ropa, og urdi runde -  
derpå var det so daudstilt.  
Fjellet nemde seg, vart og vilt.  
Stur eg stod  
i ei urd - og blod  
brann i drivkvite snøen  
langt, langt inn i ville fjell.

Varme, villkvite fuglen bivra  
i opne nebban stod blodet livra,  
eg stod og svimra i krutrøyk, -  
räedsla kom som ein skraemd øyk, --  
eit liv var sløkt,  
eit liv forstøkt  
stod einslegt att med sitt eige -  
langt, langt inn i ville fjell.

### III. VARDE

Mari og kvintett frå Sinfonietta Innlandet

Denne marsjen er inspirert av eit foto Aslak tilfeldig fekk sjå av fjellet Kyrka i Visdal. Bildet viser fjellet vinterkledd; det står der mest som ei brur klar for den store dagen. Bildet er tatt av den aktive fjellfotografen Live Andrea Sulheim.

### IV. VÅRVISE

Mari, Aslak, Sander og Bjørn Kåre

Olav Aukrust var ein fantastisk og rå skildrar av mennesket, fjellet og naturen. I diktet *Vårvise* (Dikt i samling, Gyldendal 1954) slepp han seg heilt laus.

Det tinar i varme sô'hall,  
det brånar i bratte lier, -  
det hev ikkje skjett noko snøfall  
på lange, lange tider. --  
Våren er eikorleis komen,  
ein vert både knipen og nåmen, -  
jordi hev ingi ro,  
heller ikkje mitt blod.

Gager kvige og stut  
er slepte or fjøset ut,  
våte, skjelvande mular  
verar mot fjell og stular,  
verar mot sol og jord,  
kjennen det veks og gror.

Vår'n er i bork vaken -  
sejlevåt, spildrande naken  
glid no kvite svolken  
ut or sleipe holken,  
der ungguten sit og lagar  
syljufløyta god  
i einslege villmark-hagar,  
og vekkjer so fagert eit ljod.

### V. VÅRLØYSING

Aslak og Sinfonietta Innlandet

### VI. MYRULL

Mari, Aslak, Sinfonietta Innlandet, Gudmund B. Skjær og Sidiki Camara

Ingenting er vel betre for sinnet enn å sette seg ned i lyngen langt til fjells, med ein kopp varmt å drikke, og sjå på ei myr dekt av kvit og svaiande myrull. Denne songen baserer seg på Aukrust sitt vemodige dikt *Brigde* (Himmelvarden, Gyldendal 1916).

Hugbód som fyrr leika hauk over hauk  
i storstilla blå  
og solblanke ned over tankane strauk,  
er ingen stad høyre hell sjå.

Stride som strålande kvæde dei kvad  
og lyste seg leid.  
No er det at berre burtblásne blad  
ein haustdag pa villande heid.

Mjukar enn myrull som voggar i vind  
langt inn i fjell,  
er minni som sviv gjennom mannasinn  
ein skybleik og blåsande kveld.



Foto: Johannes Selvaag



## JO TORSTUGUN

Aslak

Denne springleiken er mykje brukt i Garmo der Aslak er frå. Mange ulike former vert brukt, og Aslak si er inspirert av slik Amund Bjørgen spelar leiken.

## TRULS MED BÅGÅN

Mari og Sinfonietta Innlandet

Trad. / Arr: Knut Anders Vestad

Denne visa har vi etter optak med Kristian P. Åsmundstad (1885-1976) frå Kvikne i Nord-Fron. Åsmundstad er ein av dei største vokale kjeldene i Gudbrandsdalen. *Truls med bågån* finn ein i fleire varianter både i Gudbrandsdalen og fleire stader rundt om i landet. Mari har gjort nokre justeringar i teksta henta frå andre varianter nedteikna i Ole M. Sandvik si bok *Folkemusikk frå Gudbrandsdalen* (Tanum 1948).

'N Truls han tente i kongens gård,  
i femten dågå, i femten år.  
Gje meg lønn! - sa'n Truls mæ bågån.

Nei, lønn dæ ha du nå ikkje fortent,  
mine beste par hester ha du utskjemt.  
Si du dæ? - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls han tok kongen i hår og i skjegg,  
og sløyngde'n burti den femtende vegg.  
Sit du der? - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls han let,  
og kongen han gret.  
Sit du der? - sa'n Truls mæ bågån.

'N Truls hein gjekk ti ei anna stugu inn,  
der sat det sju studente og drakk mjød og vin.  
Drikk me te! - sa'n Truls mæ bågån.

'N si at oss ska drikke'n te,  
men 'n har ikkje'n skjelling å legge te.  
Si døkk dæ? - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls drog ut sitt lange spjut,  
og jággå di sju studentein ut.  
Gangje ut! - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls han let  
og studentein gret.  
Gangje ut! - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls han jággå dom burtover ein mo,  
der tafte dom burt både hosso og sko.  
Slekt æ mitt! - sa'n Truls mæ bågån.

Og 'n Truls han let,  
og studentein gret.  
Slekt æ mitt! - sa'n Truls mæ bågån.

## HEIMFJELL



Suita *Heimfjell* laga Aslak Brimi til ein jubileumskonsert i 2017 da bestefaren Hans W. Brimi ville fylt 100 år. Suita er inspirert av musikken og livet til Hans. Forutan satsen *Rønnaug* er musikk og tekst av Aslak Brimi. Arrangementa er ved Knut Anders Vestad.

### I. HEIMLENGT

Aslak og Sinfonietta Innlandet

Dette er ein springleik tileigna Hans W. Brimi og musikken hans.

### II. FRIARFERD TIL SMÅDALEN

Aslak og Sinfonietta Innlandet

Aslaug, kona til Hans, var frå garden Blakar i Lom. Dei har sæter i Smådalen, og Aslaug var budeie der om somrane. Da dei vart i lag gjekk Hans mang ein gong den lange turen inn i til Smådalen på friarferd.

### III. RØNNAUG

Mari og Sinfonietta Innlandet

Rønnaug Bølgard (1904-2000) sat inne med utruleg mange fine tradisjonelle tonar og stubbar. Hans kjente Rønnaug godt, og lærte mykje av henne. I denne satsen er det med tre små stubbar og ein fløytetone vi har frå optak med Rønnaug.

### Ein gong ha' eg ei litol øks

Ein gong ha' eg ei litol øks,  
som eg kalla Kroka.  
Ein gong ha eg ei litol merr,  
som eg kalla Broka.  
Ein gong ha eg ei litol geit,  
som eg kalla Reigge.  
Ein gong ha eg ei litol kjerring,  
som eg kalla Meigge.  
Så høgg' eg med'n Kroke,  
så kjørð' eg med'n Broke,  
så mjølka eg ho Reigge,  
så låg eg hjā'n Meigge.

### Litol er eg

Litol er eg, og liten er du,  
og små så er oss nå begge.  
Og er det nå så at du vil hå meg,  
så fæ du nå hå tå deg skjegget.

Og når oss kjem i kyrkja inn,  
på kne så må vi da falle.  
Glâm på presten og tenk på meg,  
og kop ikkje så på dei andre.

### Statt upp Mari Støvelstrøye

Statt upp Mari Støvelstrøye  
mjølke du di ku.

Sole står i Dugurdskare,  
enda sov du, di late su.  
Su-li-lu, Hagafru,  
Gyllanros, hemma du,  
Hakkela min, Cjøfella min,  
Cjøfella, Gjø og Gjøfru.

### IV. BAUTA

Aslak og Sinfonietta Innlandet

Valsen *Bauta* er tileigna Lom spelmannslag som fylte 75 år i 2017. Hans W. Brimi var aktiv i spelmannslaget frå det starta på 40-talet, og øvingane i laget var noko han alltid sette høgt.

### V. KROKÅTBEKKEN

Aslak og Sinfonietta Innlandet

Mange elver og bekker i Heimfjellet og Jotunheimen har fått slåtar oppkalla etter seg. Krokåtbekken snirklar seg sakte frå innunder fjellet Koppe og ned mot vatnet Tesse. Det karakteristiske meandermønsteret det siste stykket ned mot vatnet er opphavet til namnet.

### VI. HAVYRJUROSA

Mari og Sinfonietta Innlandet

Setra var Hans sin rolege og heilage stad. Her vart han inspirert til å lage musikk. Brimisetra ligg i setergrenda Nordsetra ved nordenden av vatnet Tesse. Her har det vore seterdrift til alle tider. Budeiene har vore viktige kulturbærarar, ikkje berre for ysting, kninning og andre mat- og dyretradisjonar, men også for sagn- og eventytrerading. Og ikkje minst for ein musikktradisjon med lokking og tralling. *Havyrjurosa* er ein lakk og song tileigna alle dei tradisjonsbærande budeiene på Brimisetra gjennom tida.

Kom kyne mine langt der uti,  
kom raude Gullstjerne, du bjøllkue mi.  
Havyrjurosa og Fagerlin;  
kom Dagros, Fagros i fjeset inn.  
Eg vil døk mjølke, eg vil døk vél,  
kom hit åt sæter n ska' e døkk steille.  
Kom Sorgfri, kom Ilvego;  
Kom hit åt me, kom hit te ro.

Kom hit åt me gode Rosa og Dokka,  
eg står her kauka og syng og lokka.  
Å, Ymbjørgoa og Rosalin,  
kom kalv, kom kvige, kom kue mi.  
Kom raude Fefru, kom Litago,  
kom Svarta og Brona, kom fine Lilja.  
Eg vil døk mjølke mæ'e syng min sull.  
Å, takk O Gud for ditt kvite gull.

### VII. FJELLBLOMEN

Mari, Aslak og Sinfonietta Innlandet

Dette er ein bruremarsj laga til Live Brimi da ho gifta seg på Brimisetra.

## It has been a fun universe to dive into; *The Bri-dtli universe!*

Mari is the one I started working with; she wanted a couple of arrangements for a concert with TrondheimSolistene at Rudi Gard in 2015. She sent me a sound file were she had recorded herself singing on the phone. Being the natural folk singer that she is, she sang between two keys: between D and D sharp! I took up the challenge.

The first time we met was when Mari was singing on a sponsorship concert in Trondheim in 2016. We had then worked on a new song; *Truls mæ bágân*. It was at that time I saw the greatness in this calmness and confidence that Mari radiated while performing for a packed crowd in Olavshallen, she was telling the crowd what the songs was about and then performing it with the utmost excellency.

Then Aslak called. He had an idea about making something out of the 100-year jubileum of his grandfather, Hans W. Brimi in 2017. He had ambitious plans for a big outdoor concert in Brimi Sæter with orchestra, spelmannslag, soloists and Mari. It was a great concert, and it was a premiere of the suite *Heimfjell* were Aslak had made new music and songs which I made arrangements for. In the suite we have a movement called *Rønnaug*. These are four "sular" after a local source in Lom. I do a lot of weird and fun rhythmical things in the short parts. I tried to keep the humor and the liveliness throughout the arrangements. I had made arrangements for pop songs and what one would call "rhythmical music" in the past, so for me it was a great liberation to get to work with folk music. If it is a "springleik" it should of course sound like a springleik, but within that frame one can do a lot of things which isn't all that easy when you have different tracks and a backing band who are coming in and out before and after the refrain.

The following year Aslak had even more ideas. Now with a new project in conjunction with the new exhibition at The Mountain Center in Lom. Aslak had made a new suite; *Bergtatt*. One could perhaps think that it would be very similar to the first one, but no. Aslak have a superb sense of musicality and inventiveness. It sounds completely new, but in the same time it has a solid foundation in the folk music tradition. And like last time, very fun to make arrangements for!

Now we have recorded this on an album together with the amazing Sinfonietta Innlandet. I believe that everyone can enjoy themselves with the notes from *The Bri-dtli universe!*

Knut Anders Vestad  
Trondheim, October 2018

Mari Midtli is from Sel and despite her young age she is one of the leading performers of Folk singing in Gudbrandsdalen. She has attended Folkelarm and have been qualified in the category "A" in Landskappleiken in both violin and song. She won the prestigious Fureprisen already in 2014, and another award "Tone-prisen" the following year. She has been a soloist with TrondheimSolistene, Sinfonietta Innlandet and KORK. Amongst her most important teachers is Camilla Granlien, Jarnfrid Kjøk and Berit Opheim.

Aslak Brimi is from Garmo in Lom, and was a violin student of his father, Rolv Brimi, and Bjørn Odde. Aslak is an active contributor for the music of Lom and particularly his grandfather Hans W. Brimi (1917-1998). Aslak Brimi has received multiple awards and grants, and he was awarded the title of "Folk musician of the year" in 2016. Aslak has contributed to a substantial selection of album recordings both as a musician and as a producer. He and his violin has won the Landskappleiken four times, last time in 2018.

### ROSOR OG BLOMAR

Mari and Aslak

Trad. / Arr: Aslak Brimi

This weird little song has been taught to Mari by Jarnfrid Kjøk. Jarnfrid says learnt it from Rønnaug Vangen (1898-1988), a rich source for traditional singing in Lom.

### BERGTATT



In the spring of 2018 the new exhibition *Bergtatt* opened at Norsk Fjellsenter (The Mountain Center in Lom). This exhibition offers mountain pioneers and snowdrift findings, outdoor life from Slingsby to the selfie stick, hunting and hiking, myths and mountain tales. Aslak was commissioned to write music for the opening. The lyrics in three of the movements are poems by Olav Aukrust (1883-1929). The suite has arrangements done by Knut Anders Vestad, with the exception of *Vårvise* which is arranged by Aslak Brimi.

#### I. UTSYN - PROLOGUE

Aslak and quintet from Sinfonietta Innlandet

#### II. RYPA

Mari and quintet from Sinfonietta Innlandet

Hunting and fishing has been at all times an important source of sustenance and recreation for the people of Lom. Olav Aukrust portrays a hunt for mountain grouse in the poem *Langt, langt inni ville fjell*.

#### III. VARDE

Mari and quintet from Sinfonietta Innlandet

This march is inspired by a photo Aslak accidentally saw of the mountain Kyrkja in Visdal. The picture portrays the mountain in a gown of snow; standing there almost like a bride ready for the big day. The picture is credited by the active mountain photographer Live Andrea Sulheim.

#### IV. VÅRVISE

Mari, Aslak, Sander and Bjørn Kåre

Olav Aukrust was an amazing and raw portrayer of the human being, mountain and nature. In the poem *Vårvise* he really get to show his abilities.

#### V. VÅRLØYSING

Aslak and Sinfonietta Innlandet

#### VI. MYRULL

Mari, Aslak and Sinfonietta Innlandet

Nothing is better for the mind than to sit down in the heaths far away in the mountain, with a cup with something warm inside, and to look upon a marshland covered with swaying white Eriophorum. This song base itself on Aukrust's wistfully poem *Brigde*.

### JO TORSTUGUN

Aslak

This springleik is often used in Garmo where Aslak is from. There exists many different forms of this, and Aslak is inspired by how Amund Bjørgen plays this tune.

### TRULS MED BÄGÅN

Mari and Sinfonietta Innlandet

This song we got from a recording with Krisitan P. Åsmundstad (1885-1976) from Kvikkne in Nord-Fron. Åsmundstad is one of the first vocal sources in Gudbrandsdalen. *Truls med Bägån* is to be found in many different varieties in both Gudbrandsdalen and several other places in the country.

### DEI TVAU VERSI ANNE KLEPPE SONG SISTE KVELDEN

Mari and Sinfonietta Innlandet

These two verses (*The two last verses the girl Anne Kleppe did sing the last night*) is from a transcription from Ivar Kleiven (1854-1934). Anne Kleppe was a young beautiful girl that lived in Vågå in then end of the 17th-century. Apparently she was a decent player on langeleik and and vocals. Anne received a child outside of marriage. This was a great sin, and not long after the birth she killed her own child. After a while the story was brought to attention to the public and she was trialed for court. She was to be executed by sword and the executioner was to come from Christiania. But it took one year for the executioner to arrive to Vågå, in the meantime Anna was sitting in custody in the farm of Kleppe in Sjårdalen. When the executioner finally arrived in Vågå, he got to know Annas story and then later decided to marry her. In this way she could escape death, but Anna refused. She wanted her punishment. The executioner did his job, but the story goes that he later took his own life because of it.

### HEIMFJELL

The suite *Heimfjell* was made by Aslak Brimi for an anniversary concert in 2017 which would mark his grandfathers 100-year old birthday. The suite is inspired by his life and music. With the exception of the movement *Rønnaug* the music and lyrics is written by Aslak Brimi. The arrangements is done by Knut Anders Vestad.

#### I. HEIMLENGT

Aslak and Sinfonietta Innlandet

This is a springleik dedicated to Hans W. Brimi and his music.

### II. FRIARFERD TIL SMÅDALEN

Aslak and Sinfonietta Innlandet

Aslaug, the wife of Hans, was from the farm Blakar in Lom. They have a shieling in Smådalen and Aslaug worked as a milkmaid in the summers. Hans often walked the long trip to Smådalen to see her.

### III. RØNNAUG

Mari and Sinfonietta Innlandet

Rønnaug Biløygard (1904-2000) had knowledge about a vast amount of traditional songs and tunes. Hans knew Rønnaug well, and learnt much from her. In this movement we include three little tunes and one flute melody which we got from recordings with Rønnaug.

### IV. BAUTA

Aslak and Sinfonietta Innlandet

The waltz *Bauta* is dedicated to Lom spelmannslag who turned 75 years old in 2017. Hans W. Brimi was an active member of spelmannslaget from the beginning in the 1940's, and he always appreciated much the rehearsals with the group.

### V. KROKÅTBEKKEN

Aslak and Sinfonietta Innlandet

Many rivers and streams in Heimfjellet and Jotunheimen has had tunes named after them. The stream Krokåtbekken winds itself slowly from under the mountain of Koppe and goes down towards the water of Tesse.

### VI. HAVYRJUROSA

Mari and Sinfonietta Innlandet

The shieling was for Hans a place for calm and tranquility were he would find inspiration to make music. Brimisætra is located in the collection of shielings of Nordsetra which is on the north side of the water of Tesse. Throughout the ages there has been dairy farming in this area for as long as one can remember. The milk maidens has been an important source for the continuation of culture. Not only for the traditions of milk related products and animal traditions but also for story-telling. And last but not least they became an important source for the traditional music like "lokking" and "tralling". *Havyrjurosa* is a "lokk" and a song that is dedicated to all of the milk maidens in Brimisætra that played an important role in the cultural heritage.

### VII. FJELLBLOMEN

Mari, Aslak and Sinfonietta Innlandet

This bridal march was made to Live Brimi when she got married at Brimi Seter.

**Mari Midtli**

song

**Aslak Brimi**

fele og song

**Sinfonietta Innlandet** er 1. fele: Atle Sponberg\*, Sander Tingstad\*, Yulianna Bykova, Elisabeth Lie; 2. fele: Ellen Samdal, Pål Solbak, Cathrine Rossbach Heier, Bjørn Kåre Odde; Bratsj: Angelika Karsrud, Einy Langmoen\*, Johannes Skyberg; Cello: Tine Johnsgaard, Ida Malene Christensen\*, Hilde Sponberg; Bass: Steinar Haugerud\*. \*Med i kvintett på spor 2, 3 og 4

Gjestar spor 7: Gudmund Bolstad Skjær, gitar; Sidiki Camara, perkusjon.

Innspelt i Newtone studio, Oslo, hausten 2018.

Lyd og miksing: Andre Viervoll og Aksel Jensen

Mastering: Propeller Mastering

v/ Morgan Nicolaysen

Foto: Johannes Selvaag

Grafisk formgjeving: Heidrun Laugsand

Engelsk omsetjing: Espen Wensaas

## Takk til

Einy, Tine, Agot og alle i Sinfonietta Innlandet for samarbeidet så langt. Takk til Atle, Sander, Andre, Knut Anders og Aksel for god styring og gode innspel før, under og etter innspelinga. Ein stor takk til Knut Anders for dei flotte arrangementa, det gode samarbeidet, og det gode humøret. Takk til Norsk Fjellsenter med Mai Bakken i spissen som tinga musikken som enda opp som suita *Bergtatt*. Takk til Hans, Ola og Brimi Sæter for samarbeidet om Hans W. Brimi-jubileet i 2017, noko som la grunnlag for *Heimfjell*.

Takk til familie og vener som har gjort det mogleg for oss å arbeide med dette prosjektet.

Prosjektet hadde ikkje blitt til utan økonomisk stønad. Fyrst og fremst ein audmjuk og stor takk til Nils Øveraas. Dernest ein stor takk til MFO vederlagsfond, Sel Kommune, Sparebank 1 Gudbrandsdal, Sparebank 1 Lom og Skjåk, Lom kommune, Brimi Sæter, Sel og Otta spel- og dansarlag, Norsk Fjellsenter, Brimi Fjellstugu, Lom spel- og dansarlag, Vianvang, Coop Ottadalen, Stiftinga Solrenning og Gudbrandsdal folkemusikklag.



7090010522121

01: Rosor og blomar

## B E R G T A T T

02 : Utsyn

03 : Rypa

04 : Varde

05 : Vårvise

06 : Vårløysing

07 : Myrull

08 : Jo Torstugun

09 : Truls med bågån

10 : Dei tvau versi

Anne Kleppe

song siste kvelden

## H E I M F J E L L

11 : Heimlengt

12 : Friarferd til Smådalen

13 : Rønnaug

14 : Bauta

15 : Krokåtbekken

16 : Havyrjurosa

17 : Fjellblomen